



**Utval:** Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne  
**Møtestad:** Fylkesutvalssalen, 3. etg, Fylkeshuset  
**Dato:** 09.12.2014  
**Tidspunkt:** 09:30-12:30

**Følgjande faste medlemmer møtte:**

Namn	Funksjon	Representerer
Tore Svane	Medlem	FFO
Kjell Søvik	Medlem	FFO
Harald Norheim	Nestleiar	SAFO
Ellinor Kreybu	Leiar	FRP
Jostein Ljones	Medlem	SP

**Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:**

Namn	Funksjon	Representerer
Neshe Lie	Medlem	H
Kjersti Edvardsdal	Medlem	FFO

**Følgjande varamedlemmer møtte:**

Namn	Møtte for	Representerer
Laila Bø	Kjersti Edvardsdal	FFO

---

**Merknader**

---

**Jostein Ljones møtte berre fram til kl 09:50 og Tore Svane kom til møtet kl 10:00.**

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Ingeborg Borgen Takle	Rådgjevar, organisasjonsavdelinga

## Sakliste

<b>Utvalls- saknr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv- saknr</b>	<b>U.Off.</b>
PS 61/14	Godkjenning av møteinnkalling		
PS 62/14	Godkjenning av sakliste		
PS 63/14	Godkjenning av møtebok forrige møte		
PS 64/14	Forslag til budsjett 2015 for rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	2014/558	
PS 65/14	Referatsak (Meldingar)		
RS 53/14	Oversikt økonomi - per 251114	2014/558	
RS 54/14	Oversikt over større saker til politisk behandling hausten 2014 - pr november	2014/1527	
RS 55/14	Strategi for innfartsparkering - høyrings sak	2014/15627	
RS 56/14	Uttale til klinikkstrukturplanen frå tannhelseavdelinga - rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	2014/558	
RS 57/14	Førespurnad angående tilgang til Nesttun tannklinikk - frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	2014/558	
PS 66/14	Ymse		

## **PS 61/14 Godkjenning av møteinnkalling**

**Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 09.12.2014**

### **Vedtak**

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne godkjente møteinnkallinga.

## **PS 62/14 Godkjenning av sakliste**

**Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 09.12.2014**

### **Vedtak**

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne godkjente saklista.

## **PS 63/14 Godkjenning av møtebok forrige møte**

**Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 09.12.2014**

### **Vedtak**

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne godkjente møteboka frå 04.11.2014.

## **PS 64/14 Forslag til budsjett 2015 for rådet for menneske med nedsett funksjonsevne**

### **Forslag til avgjerd**

Med atterhald i vedtak frå fylkestinget i PS 75/2014 Årsbudsjett 2015 / økonomiplan 2015-2018 vedtek rådet for menneske med nedsett funksjonsevne budsjett 2015 slik det føreligg.

**Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 09.12.2014**

### **Vedtak**

Med atterhald i vedtak frå fylkestinget i PS 75/2014 Årsbudsjett 2015 / økonomiplan 2015-2018 vedtok rådet for menneske med nedsett funksjonsevne budsjett 2015 slik det føreligg.

## **PS 65/14 Referatsak (Meldingar)**

**Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 09.12.2014**

### **Vedtak**

*RS 54/14 Strategi for innfartsparkering – høyring:* Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtok å sende inn ein slik uttale til samferdselsavdelinga:

*«Rådet vil understreke viktigheten av at innfartsparkering blir godt tilrettelagt for menneske med nedsett funksjonsevne. Gode ledelinjer, lett tilgjengelige og brukarvennlige betalingsterminaler, samt at HC parkering blir plassert nærast mulig av- og påstigningsplass.*

*Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vil også poengtere at innfartsparkering bør plasserast lengst mulig unna sentra slik at det blir meir attraktiv å nytte seg av kollektivtilboda.»*

Uttala vart og sendt til leiar i samferdselsutvalet under møtet 09.12.2014.

**RS 53/14 Oversikt økonomi - per 251114**

**RS 54/14 Oversikt over større saker til politisk behandling hausten 2014 - pr november**

**RS 55/14 Strategi for innfartsparkering - høyringssak**

**RS 56/14 Uttale til klinikkstrukturplanen frå tannhelseavdelinga - rådet for menneske med nedsett funksjonsevne**

**RS 57/14 Førespurnad angående tilgang til Nesttun tannklinikk - frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne**

## PS 66/14 Ymse

### Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 09.12.2014

#### Vedtak

*Uttale til fylkesrådmannen sitt forslag til budsjett 2015: Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtok å sende ein slik uttale til fylkesrådmannen sitt forslag til budsjett 2015 til alle medlemne i fylkestinget, da denne ikkje var sendt inn i tide til å kome med i sakspapira:*

*«Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne er positiv til at det nå heilt automatisk vert lagt inn midlar til tilrettelegging og universell utforming som del av alle nye prosjekt og utbetringar av fylkeskommunale bygg.*

*Førebyggjande arbeid og god planlegging gir som regel billigare resultat. Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne må derfor seie seg svært nøgd med samarbeidet rådet har hatt i samband med planlegging og tilrettelegging ved bygging av Amalie Skram. Det er vorte eit svært vellykka prosjekt som er tilrettelagt og funksjonelt for alle etter eit par innspel og veldig godt samarbeid. Dette ønskjer rådet å kunne bidra med i alle nye prosjekt framover, og på alle områder der Hordaland fylkeskommune skal levere gode tenester til våre brukarar.*

*Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ønskjer derfor at alle etatar, også innunder samferdsel, kultur og idrett, at tilrettelegging for alle vert vektlagt i planleggings- og anbudsprosesser, samt val av leverandørar.*

*Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ber også om at det i budsjetta framover vert satt av midlar til dei som får forlenga reisetid får refundert sine ekstra reiseutgifter som følge av endringar i Klinikstrukturplan for Tannhelsetenestane 2015-2030. Rådet er bekymra for at menneske med nedsett funksjonsevne ikkje vil kunne nytte seg av desse helsetenestene dersom ikkje kostnadane med reisa vert dekkja i sin heilheit. Rådet vil foreslå at dei som har fått innvilga TT-kort og ikkje kan nytte vanlig kollektivtilbod, er kvalifisert til å få dette dekkja. Rådet vil påpeke at TT-kort-ordning er for fritidsreiser og skal ikkje påleggast å nyttast til behandlings/helsetenester.*

*Ved en inkurie er ikkje denne uttala sendt vidare- vert sendt til fylkestinget etter avtale i dagens møte i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne.»*

*Tilgang til tannklinikk på Nesttun: Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtok å sende slikt svar til fylkesdirektør for tannhelse angående tilgang til tannklinikk på Nesttun: «Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vil be om at reiseutgifta vert dekkja da menneske med nedsett funksjonsevne ikkje kan nytte seg av tannhelsetenester på Nesttun grunna manglande tilrettelegging. Dette bør gjelde inntil det er avklart om klinikken skal lokaliserast i Fana bydel i høve til strukturplanen, eller til manglande for tilgjengelegheit ved Nesttun er utbetra.*

*Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne oppmodar om at det ved ny forhandling av leigeavtale på Nesttun føreset at tilgjengelegheit for menneske med nedsett funksjonsevne utbetra og eventuelt vert sett som vilkår i leigeavtalen.»*

*Anbudsprosess for ferjer: Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtok å be administrasjonen om ein oversikt over anbod som vert aktuelle i næraste framtid, samt om å få ein orientering om desse i møtet 04.02.2015.*

*Kulturavdelinga og rundebordsdiskusjon: Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtok å be administrasjonen om å følgje opp rundebordsdiskusjonen med kulturinstitusjonar om tilskodarar med nedsett funksjonsevne.*

*Temadag 2015: Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtok å oppretthalde dag to av den planlagde konferansen, 12.03.2015, men å oppmode alle dei kommunale råda om å delta på Husbanken*

si konferanse: Universell utforming – neste generasjon på 11.03.2015. Konferansen til rådet vil da byrje med ein middag den 11.03.2014. Rådet vedtok og følgjande tema og innleiarar:

- Paneldebatt med dansk designar av det danske huset for funksjonshemma sine organisasjonar, arkitekturpsykolog Halvard Skjeveland og andre.
- Teknisk planleggarar frå Bergen kommune: Nye bygg, søknadar, problem, løysingar, kva fokus.
- Regjeringspolitikar: Kva er regjeringa si visjon for universell utforming og dei måla som har vore satt tidlegare.
- Fylkesmannen: Kva er status quo når det gjeld universell utforming i Hordaland?
- Eigedomsseksjonen i Hordaland fylkeskommune: planer og status quo.

Tittel på konferansen vert Universell utforming – tilgjengelegheit for nokre, hinder for andre?, og det vert inga eigenandel for deltaking.